

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1956

Namnet på vatnet Glemmeribuk
Kommune Tysvær

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga, er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind
Vasshaug.

S T E M M E V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 3. september 1975.

Vatnet ligg i Forsand kommune, nærmere stadfest aust for Bergsvik, og med Eldriåsen i sør og Berge i nord.

Arealet er omlag 6 ha. og h.o.h. 20 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamtover eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 10.0 m.

Stranda består for ein del av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjørmebotn dominerer på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon vil ein finna i strandsona.

Nedslagsfeltet femner for det meste om skogsmark, der det veks blandingsskog av furu og bjørk.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men mindre bekketilsig fell inn ymse stader.

Avlaupet renn ut i vest og går til sjøen ved Bergsvika i Høgsfjorden.

Dei kjemiske tilhova.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita ph er målt til 7.0 (nøytralt vatn) og som er heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 4.0 mg/l og den totale hardheita 6.8 mg/l. Vatnet er kalkfattig, men likevel bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Elektrisk leiingsemne $K_{18} = 57.2$

Gjennomstøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke ein botnprøve på 5.0 m djup og resultatet var 1 fjærmygglarve - tilsvarande 10 individ pr. m^2 .

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøve av 1 fisk. Her vart det funne stingsild og plankton.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk på 10,0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som fattige.

Fisk m.v.


Etter det vi får opplyst skal det vera følgjande fiskeslag i vatnet: Aure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 12 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyningen.



Fordeler vi fiskane på cm-klassar får vi denne grafiske
framstillinga.



Det vart teke prøver av dei 12 aurane og av desse var 9 lys-røde - resten kvite i fiskekjøttet.

Vidare var der 10 høfiskar og 2 hanfiskar - ei noko skeiv kjønnsfordeling.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

8 fiskar (66%) var gjellfisk - resten gytefisk.


Storparten av fiskane var tome i magesekken.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	3,4	7,9	13,7	18,8	23,1
Årleg lengdetilvekst i cm	3,4	4,5	5,8	5,1	4,3
Antall fisker	12	12	12	12	3

Medels kondisjonsfaktor = 1,00 tilseier fisk av god kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Stemmevatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Stemmevatnet stort sett ein normal lengdetilvekst. Auren går mot ei maksimallengd på snaut 30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Vanlegvis er det 25-30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein slik kurve, så då vi berre fekk 12 fiskar er dette i minste laget, men ein viss peikepinn vil det gi.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig, men tilheva elles ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilhøva er gode, sjølv om botn- og planktonprover gav eit magert resultat.

Garnprøven tyder på at det er lite med fisk i vatnet og vidare at det er småfisken som dominerer.

Kondisjonsfaktoren og vekstkurven er relativt bra.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Stemmevatnet er lite og stort sett med jordsmønn og vegetasjon over det heile. Fylgjeleg blir ikkje vatnet påverka av den sure nedbøren vi i dag får, slik at dei kjemiske tilhøva blir gode.

Etter prøgefisket vårt å doma, ser det ut til å vera lite fisk i vatnet. 12 fiskar på 7 garn er i underkant av det ein skulle venta. Dette kan koma av dei därlege gyttetilhøva ein her vil finna. Det vil såleis vera i minste laget med yngel og småfisk som årleg kjem ut i Stemmevatnet.

Praktiske tiltak.

Vatnet er lite og oversikteleg, og fiskebestandet lett å halde under kontroll.

Sjølv om næringsforrådet ikkje er så rikt, er det fleire ting som tyder på at vatnet ville tåle eit noko større fiskebestand enn det som er tilfelle i dag. Vi vil difor tilrå at det vert sett ut ca 50 stk. settefisk pr. år over ein 5-års bok. Ved årleg å drive litt utfisking, vil ein kunna føre fiskebestandet til det nivå ein sjølv måtte ynskje.

Noko stort fiskebestand vil ein ikkje kunna satse på i Stemmevatnet, men eit lite bestand med matnyttig fisk vil vatnet kunna "brødfø", det gjeld berre om å avpassa dette til næringsforrådet.

Stemmevatnet er eit lite "idyllisk" fiskevatn, så alt må gjerast for å få fram eit best mogeleg fiskebestand.

Stavanger den 9. mars 1976

Einar Berg